

# Årsmelding 2007



Babysangkurs på Austevoll. Foto: Kristin Lødøen Hope



BJØRGVIN BISKOP OG  
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

# Innheld

<b>I. BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME.....</b>	<b>1</b>
<b>II. KYRKJELEG SEKTOR TILSTANDSVURDERING AV KYRKJA I BJØRGVIN .... 4</b>	
Kyrkjeleg statistikk .....	4
Gudstenestelivet .....	4
Kyrkjelege handlingar .....	4
Inn- og utmeldingar .....	5
Visitas og vigslig .....	5
Misjon.....	5
Kyrkjemusikk .....	5
Gudstenestefornying.....	5
Miljø og forbruk .....	6
Grøne kyrkjelydar og miljøfyrtårn .....	6
Etisk handel .....	6
Born og unge og trusopplæring .....	6
Diakoni .....	8
Menneske med utviklingshemming .....	9
Homofile i kyrkja .....	9
Samarbeid mellom kyrkjelege organ.....	9
Økumenikk og religionsdialog .....	10
Kultur .....	10
Kyrkjeleg demokrati.....	11
Bispedømekontoret.....	11
Bispedømerådet .....	11
Likestilling .....	11
Forvaltning knytt til kyrkjelova.....	12
Forvaltning knytt til gravferdslova.....	12
Kyrkjelege bygningar .....	12
– inventar og utstyr.....	12
Økonomiforvaltninga .....	12
Kommunikasjon .....	13
IT .....	13
Tilskot til kyrkjeleg verksemrd i kommunane .....	13
Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk .....	13
Miljøleiing – ”Grøn Stat ” .....	13
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet.....	14
<b>III. KYRKJELEG ETAT TILSTANDSVURDERING AV PRESTETENESTA..... 14</b>	
Regelmessig geistleg betening .....	14
Rekrutteringstiltak .....	14
Vikarordningar .....	15
Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik.....	15
Fengselsprestetenesta .....	15
Prestebustadar.....	15
Organisering og leiing av prestetenesta.....	16
Kompetanseutvikling .....	16

Retreatarbeidet .....	16
Arbeidsrettleiing (ABV).....	16
Likestilling .....	17
Leiing av prestetenesta .....	17
Gode arbeidsvilkår for prestane .....	17
Lokal redningssentral (LRS) .....	18
Kommentarar til årsrekneskapen 2007.....	18
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>19</b>

# I. Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.

”Er du leder i dag, må du tåle å stå i brennpunktet for motsetninger. På troverdig vis må du håndtere usikkerhet i organisasjonen” (Fritt etter professor Torodd Strand ved NHH).

Analysen treffer presist, også i kyrkja. Når så pass mange seier nei til å late seg nominera som biskop og når det er så korte lister til prosteembeta mange stader, så kan det ha med dette å gjøre: Leiarskapen vert ufordra når den einskaplege kulturen forvitrar, når skulen abdiserer som dåpsopplæring, når samlivsordningar vert nydefinerte og folk som tilhører kyrkja mykje friare definerer si eiga tru. Midt i dette står leiaren med den krevjande oppgåva å vere signalør og identitetsmerke.

Tida roper på endringsvilje og endingskompetanse. Kyrkja kan ikkje vere statisk i dagar som dette, ho må i alle fall vere open for ny og sakssvarande organisering. Eg meiner vi er på rette sporet når regelstyring vert avløyst av målstyring og kompetanseleiring. Ein kan alt sjå positive resultat av den nye organiseringa av prestetenesta. Med prosten som leiar og prestane i team, er det langt lettare å nå dei arbeidsmåla vi er vortne samde om.

Men det er krevjande for mange når statskyrkjeordninga ikkje er til å rikka på, samstundes som verdi- og formålsparagrafar vert tømt for kristen forankring. At gudstenesta må verta fornya, er svært mange samde om. Men når ein veit at liturgiar er dogmatikk i praksis, er det ikkje rart at endringar vert fylgd med falkeauge. Når så Bibel og salmebok og tekstrekkjer vert revidert på same tid, så

skal ein ha forståing for at mange kjenner seg usikre.

Truleg er det i Bjørgvin at Kyrkjemøtet sitt homofilivedtak har skapt størst uro. Ikkje hjå alle, la det vere klart. Vi har begge syn representert, også mellom dei kyrkjeaktive og i sokneråd. Fleire prostar melder likevel om utmeldingar som skuldast homofilivedtaket. 31 prestar i kyrkjelydsteneste her hjå oss har skrive under Carissimi-oppropet. Mange har kontakta meg og fortalt at dei er usikre om det vil vere plass til dei i kyrkjeleg teneste i åra som kjem.

Kva konklusjonar dreg eg så av dette?

Når det gjeld oppfølginga av homofilivedtaket vil mykje vera avhengig av kva rom den får som kjenner seg forplikta på mindretallet sin teologiske grunnposisjon. Her må det ikkje berre vere aksept på eit standpunkt, men nødvendig rom til å trekke praktiske konklusjonar.

Når det gjeld prostetenesta, er det eitrett grep når Bispmøte og departement har initiert leiarkurs for samtlige prostar. For nyttilsette prostar bør biskopane laga til eit skreddarsydd innføringsprogram på i alle fall to veker.

Etter snart 14 år som biskop, ser eg at også biskopane kunne trenge arbeidsvegleiingsgrupper. Bispenesta er i bunn og grunn ei einsam teneste. I bispmøta vert det lite tid til erfaringsutveksling og arbeid med case. Når ein står ”i brennpunktet for motsetninger” og skal ”håndtere stor usikkerhet i organisasjonen”, så ville kollegastøtte vere ein ressurs.

Når det gjeld revisjonen av gudstenesteordningar og tekstar tenkjer eg at vi bør ta oss noko meir tid. Det får heller vere at det blir eit nytt kyrkjemøte som dreg dei endelige konklusjonane. Den nye diakoniplanen og ny plan for kyrkjemusikk

skal òg implementerast. Vi har ikkje laga dette berre som papir, det skal få vere med og prega åra som kjem. Eg er ein entusiastisk tilhengar av det fornyingsarbeidet som no er på gang i kyrkja. Men skal det bli godt nok, og skal det bli tatt imot, så treng vi to år til på oss.

For siste gong skriv denne biskopen innleiing til årsmeldinga frå Bjørgvin. Etter mitt skjøn leverer vi ei melding som speglar stoda i bispedømet. Personleg gler eg meg over at vi ser resultat av bevisst satsing: Først på barneåret, sidan på trusopplæringa og no til sist på medarbeidarskap. Sokneråda er i dag mykje meir medvitne om at medarbeidarar skal følgjast opp. Alle kyrkjelydane i Bergen har fått såkalla ”frivillighetskoordinatorer”, løna medarbeidarar som leiter opp og legg til rettes for uløna medarbeidarar. Også andre kyrkjelydar har fått tilsette med dette som definert arbeidsområde.

Eg har personleg vitja fleire av trusopplæringsprosjekta våre her i bispedømet. Langt dei fleste melder om gledelege resultat. Generelt er både søndagsskulen og barne- og ungdomsarbeidet i framgang, også i sokn der vi ikkje har eigne prosjekt. Vansken er å nå breidda av dei døypte. Der har vi langt igjen. Vi mista mykje då vi mista skulen som hjelp i dåpsopplæringa. Slik det no er har mange born og unge berre overflatisk kjennskap til den Herre dei vart døypte til. Skal folkekyrkja vår stå fram som truverdig trussamfunn og demokratiet få betra ordningar ved kyrklelege val, må kristen kunnskap og kjennskap bli overlevert på ein mykje meir bevisst måte.

Uroa kring det nye KRL-faget har ikkje vore til det gode. Lærarane vert usikre på kva dei kan seie. Mange kjenner seg utrygge på om dei har ryggdekning sjølv når dei heilt klart følgjer dei normene som er fastlagde. Også skulegudstenestene har på somme plassar vore under press.

Her hjå oss var vi tidleg ute med presisering av kva regler som gjeld når ein er på skulen sitt område, og kva som gjeld når ein er på kyrkja sin arena. Resultatet er nok difor at praksis held fram som før. Det trur eg langt dei fleste gler seg over. Vi treng helg og høgtid og ritualar og tradisjonar, det vitnar både dåps- og konfirmasjonsprosenten om. Av prostane sine årsmeldinger ser det ut til at skulegudstenesta fall ut to plassar og kom til ein plass. Erfaringane frå gudstenestene er jamt over svært gode, ikkje minst fordi elevane meir og meir vert involverte.

I år vil eg heilt spesielt fokusere på den innsatsen mange av kyrkjemusikarane gjer her i Bjørgvin. Hardanger og Voss prosti kan stå som eit døme på det. Her er ”Ung kyrjesang” ikkje berre ein organisasjon, men eit aktivt insitament i gudsteneste- og barnearbeidet. Frå mest alle prosti kjem det meldingar om kantorar og organistar som med varmt engasjement bærer den kristne kulturarven med seg til nye generasjoner. På dei faste samlingane og med den tette tilknytinga til gudstenesta får barna sjå kva ein kristen gjer når han trur.

I skrivande stund har eg ikkje tala for gudstenestesøkinga 2007. Inntrykket av prostane sine årsrapportar tyder på noko tilbakegang. Vesthordland, som generelt har høg gudstenestedeltaking, er eit døme på det. Vi får følgje med og sjå om dette berre er ei swinging eller om det er ein tendens. Talet på gudstenester går ned over heile bispedømet. Det nye fridagsreglementet er nok ein hovudgrunn til det, kan hende òg det at prostane oftare er saman med prestane rundt i prostiet, utan at dei gudstenestene dei før hadde, er erstatta.

Elles peiker prosten i Ytre Sogn på interessante tal. I 1990 var det 40 familiegudstenester i prostiet. I 2002 var tilsvarande tal 110. I tillegg kjem mange fleire friluftsgudstenester enn før. Deltakinga ved gudstenestene har vore

stabil i denne tida. Prosten har alt drege den konklusjonen at ein i pakt med vårt generelle arbeid med gudstenestefornying må gje rom for mange fleire gudstenester med lokal profil og aktiv deltaking. I kjent stil har han alt drege sokneråd og tilsette med i planleggingsarbeidet. Eg finn dette arbeidet veldig interessant.

Men tala gjev grunn til ettertanke. Ser vi på det prosentvise frammøtet ved heilt ordinære gudstenester utan dåp, då er eg redd tala vert små. Når eg i førre årsmelding reflekterte over kor kjernetroppane i landsens kyrkjelydar skal få ”grovbrød” og hjelp til å bygge seg opp som kristne, så har eg ennå ikkje det gode svaret. Likevel møter eg stadig unge som er modne som kristne. Eg ser korleis mange familiar engasjerer seg i kyrkjelydsarbeidet på ein slik måte at det vert eit glad, kristent miljø rundt dei. I det eg sjølv førebud meg på pensjonisttilvære, ser eg korleis unge medarbeidarar tek leiarskap og når nye menneske. Dei òg ”står i brennpunktet for motsetninger”, men dei eig ein visjon og ein uttalt vilje til ”å gjere Kristus kjend, trudd, elsk og etterfølgd!”

*Biskop Ole D. Hagesæther*

### **Hovudmål:**

*Kyrkjepolitikken skal understøtta  
Kyrkjemøtet sine mål for Den norske  
kyrkja som ei vedkjennande,  
misjonerande, tenande og open  
folkekyrkje. Den norske kyrkja skal  
vera ei landsdekkande, lokalt forankra  
kyrkje, som inviterar menneske i alle  
aldrar og livssituasjonar til tru og  
fellesskap. Kyrkja skal bidra til å  
styrkja lokalsamfunn, målbera  
menneskeverdet og utfordra til  
solidaritet.*

### **Bjørgvin sin visjon:**

*Saman vil vi gjera Kristus kjend,  
trudd, elska og etterfølgd!*

## **II. Kyrklege sektor Tilstandsvurdering av kyrkja i Bjørgvin**

**Resultatmål 2.1: Gjennomføra  
Kyrkjemøtet sine vedtak og ivareta  
felleskyrkjelege oppgåver elles.**

Bjørgvin biskop og bispedømeråd arbeidde grundig med eigen strategiplan for 2005 – 2008 (no forlenga til 2009). Vi registrerer at mange kyrkjelydar, prestar og prostar aktivt nyttar strategiplanen i sitt eige strategiske arbeid. Strategiplanen er utforma som eit plakatoppslag, og finst på dei aller fleste kyrkjecontora. Prostane sluttar godt opp om den samla strategiplanen og set jamleg aktuelle tema fra denne på dagsordenen på prostivise samlingar. Fleire sokjarar til prestestillingar har nemnd at visjonen og strategiplanen er ei av årsakene til å søkje presteteneste i Bjørgvin. Kurs, konferansar og Stiftsmøtet er møtestader som aktivt vert brukt til å setje fokus. I året som gjekk har vi løfta fram miljø og medarbeidarskap som ei sentral satsing frå vår side. Kyrkjelydane har respondert godt. Dette samla inntrykket gjev oss tru for at det

nyttar å arbeide langsiktig, og påverke arbeidet i sokna.

### **Kyrklege statistikk**

Offisiell statistikk for 2007 er diverre ikkje tilgjengeleg når årsmeldinga skal skrivast, men vi har samla inn ein del nøkkeltal via prostane. Desse tala er førebels, men vi trur likevel dei kan gje ein peikepinn om tendensane. Elles er offisielle tal frå 2006 og 2005 nytta.

### **Gudstenestelivet**

Talet på sundagsgudstenester og gudstenester totalt er gått ned frå 2006 til 2007, og talet på gudstenestebesøk er gått tilsvارande ned slik at gjennomsnittet per gudsteneste har halde seg stabilt med 102 mot 103 i 2006 på sundagsgudstenester og 94 mot 94 i 2006 på andre gudstenester. Det har vore to gudstenester på Nordsamisk i Bergen.

### **Kyrklege handlingar**

83,8% av alle fødd i Bjørgvin i 2006 vart døypt, landsgjennomsnittet var 73,9 (81,2% utanom Oslo). Dåpsprosenten har gått ned med 9,2 prosentpoeng på landsplan frå 1998 til 2006, medan Bjørgvin har hatt ein mindre nedgang med 6,3 %. Dei førebelse tala viser at talet på dåp er på same nivå eller litt høgare i 2007 (6007) enn i 2006 (5988).

Bjørgvin har landets nest høgaste konfirmasjonsprosent etter Møre. På landsbasis har konfirmasjonsprosenten av årskullet gått ned frå 73,3% i 1998 til 66,75% i 2006, medan det i Bjørgvin har gått ned frå 82,3% i 1998 til 76,3% i 2006. Konfirmasjonsprosenten blant døypte var på landsplan 85,2% i 2006, og 87,7% i Bjørgvin.

Dei førebels tala på kyrklege vigslar syner ein liten auke (1270) i forhold til i 2006 (1244) og 2005 (1266).

## **Inn- og utmeldingar**

Frå 2005 til 2006 var det ein markert auke (37%) i talet på utmeldingar frå 624 til 830, noko som var i samsvar med utviklinga på nasjonalt nivå. Dei førebelse tala for 2007 syner ein liten auke (4-5%). Fleire prostar melder at det kunne registrerast ein auke i november som var grunngjeve med ein negativ reaksjon på kyrkjemøtet sitt vedtak i saka om tilsetjing og vigsling av homofile i partnarskap.

## **Visitas og vigsling**

Biskopen gjennomførde 4 visitasar våren 2004: Søreiðe, Kvinnherad, Innvik og Askvoll, og ein visitas hausten 2007: Høyanger og Kyrkjebø. Det var i tillegg 2 visitasar ved sjømannskyrkjene: Mallorca og Barcelona om hausten. Biskopen ordinerte 10 prestar og vigsla 3 diakonar og ein kateket. Ein diakon vart vigsla av domprosten.

## **Misjon**

### **Ungdom og misjon**

Som i 2006 har ungdom og misjon også i 2007 vore hovudsatsinga når det gjeld misjon i Bjørgvin. Temaet for Ungdomstinget 2007 var misjon; "Kristen i verda". Då vi byrja å arbeide med temaet viste det seg at ein del av ungdommane var skeptiske til misjon. To av medlemmane i ungdomsrådet vart difor sende på studietur til Ecuador, og lærte mykje som dei brukte til å informere og skolere dei andre i rådet og ungdommane på UT. I tillegg har dei reist rundt i kyrkjelydar og fortald om misjon. På Ungdomstinget var det mange som hadde eit anstrengt forhold til misjon, og det var dermed veldig nyttig at ungdomsrådet var skolerte. Men det var òg mange som var positive til misjon, og ein fekk dermed ein god samtale rundt temaet.

Ungdomstinget 2007 viste at ein må jobbe med å få opp misjonsengasjementet blant ungdom i kyrkjelydane i Bjørgvin. I

samarbeid med SMM-organisasjonane i Bjørgvin blei det difor sett ned ein komité som skal arrangere ein misjonskonferanse for ungdom i oktober 2008.

## **Misjonsavtalar**

I samarbeid med SMM Bjørgvin har ein arbeidd for at kyrkjelydane skal ha misjonsavtaler og vi fekk i 2007 sju nye slik at det no er 114 avtalar i 103 av 189 sokn.

## **Kyrkjemusikk**

Bjørgvin har sidan 2003 hatt ein konsulent for kyrkjemusikk i 20% stilling for å oppretta eit nettverk for kyrkjemusikarane og gje tilbod om faglege samlingar. Dette har lukkast rimeleg bra, sjølv om interessa varierer i ei så samansett gruppe som kyrkjemusikarane. Konsulenten melder at mange kyrkjemusikkar har behov for samtale og rådgjeving rundt det faglege arbeidet. Faglege møteplassar er viktige og nødvendige. Fleire har peika på nytten av tverrfaglege samlingar; både fagleg og sosialt. Det har vore ein eigen fagdag med Henning Sommerro i juni, elles har det vore skipa til tverrfagleg samlingar om Gudstenestereformen regionalt. Fleire kyrkjelydar i Bjørgvin hatt nye liturgiar til prøving.

## **Gudstenestefornying**

Fleire kyrkjelydar har prøvd ut og evaluert delar av forslaget til ny liturgi, og gudstenestefornying har vore tema på fleire tverrfaglege prostivise samlingar. Det har vore eit mål at dei samlingar som bispedømet skipar til skal vera tverrfaglege med deltaking frå både kantorane og prestane. Våren 2007 skipa bispedømet til tverrfagleg samling om liturgi i Førde: "Gudsfolket i arbeid". Hausten 2007 var det fagdag om "Luthersk liturgisk fornying" med Dr. Gordon Lathrop. Under morgonmessene vart prøveliturgiane nytta. Medarbeidarkonferansen i oktober hadde

fokus på involvering og integrering i gudstenesta.

## Miljø og forbruk

2007 vart året då klima- og miljøspørsmål klatra til toppen av den offentlige agendaen, noko som også har vore merkbart i kyrkjelydane våre. Biskopen sitt stiftsmøte for vigsla medarbeidarar i juni hadde dette som hovudtema. Det vart lagt vekt på fagleg oppdatering ved foredrag og ved å visa Al Gore-filmen: "En ubehagelig sannhet" og på gudsteneste med miljøfokus.

Bjørgvin bispedøme har hatt tydeleg fokus på dette i meir enn 10 år – no kan vi begynne å hauste fruktene av eit arbeid som til no har vore motstraums. Ein klar indikasjon på at noko har endra seg er responsen på oppmodinga om å feire Skaparverkdagen 2007. Mykje tyder på at det i juni månad vart feira ein eller fleire slike gudstenester i kvart einaste prosti i bispedømet.

Kyrkja i Bjørgvin har markert seg offentleg i nokre saker knytt til samferdsle. Ein har medverka til å sette høgfartsbane-saka høgare på dagsorden, gjennom medieutspel frå biskopen og eit godt besøkt debattmøte i Bergen med sentrale politiske aktørar. Bjørgvin har òg levert viktige bidrag til eit offentleg ordskifte om flyreiser i kyrklelege verksemder. Dessutan har Bjørgvin medverka til departementets evaluering av prøveordninga med auka kilometergodtgjersle for sykling i tenesta.

## Eigen rådgjevar for miljø og forbruk

Ein merkestein for arbeidet med miljø og forbruk i Bjørgvin vart nådd då prosjektleiarstillinga for "grøne kyrkjelydar" vart gjort om til ei fast rådgjevarstilling for miljø og forbruk. Bjørgvin er det første bispedømet i landet som oppretter ei slik stilling. Med dette tek bispedømerådet eit større økonomisk ansvar for arbeidet, men er framleis avhengig av eksterne midlar. Det er ei stor utfordring og eit stort paradoks at ein på

trass av seks års arbeid mot fleire departement ikkje har fått på plass meir stabile økonomiske vilkår for dette viktige arbeidet i kyrkja. Det er eit ope spørsmål kor lenge ein kan leve med så stor avstand mellom store ord i vedtak og fråsegn frå ulike hald, og røynda i form av manglande økonomisk oppfølging.

## Grøne kyrkjelydar og miljøfyrtårn

I samband med fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2007 vart alle kyrkjelydane utfordra til å verte "Grøn kyrkjelyd". Tre nye kyrkjelydar har no oppfylt krava, og fleire arbeider med saka, og vert venteleg "grøne" i 2008. Når det gjeld Miljøfyrtårnsertifisering, har vi avgrensa oss til to prosjekt. Arbeidet med NMS si generalforsamling 2008 Sjømannskyrkja sitt hovudkontor. Her ligg det eit stort potensiale til å få fleire kyrklelege verksemder sertifisert, men vi treng fleire kyrklelege miljøfyrtårnkonsulentar for å få dette til.

## Etisk handel

Fairtrade-merkeordninga er i sterkt vekst, og Bjørgvin har hatt fokus på rettferdig handel sidan ordninga vart etablert i 1997. I tillegg til å promotere ordninga i ulike samanhengar, har vi gått inn som aktive pådrivarar i prosessen med å gjere Bergen til såkalla Fairtrade-by. Vi har også hatt nye rundar med testing av daglegvarebutikkar på fairtrade, saman med kyrkjelydane. Testane får framleis god spalteplass i pressa, spesielt lokalaviser.

## Born og unge og trusopplæring

*Resultatmål 2.2: Utvikle kyrkja si trusopplæring og støtta det miljøskapande og førebyggande arbeidet mellom barn og unge.*

## **Dei yngste**

Etter tre år med særskilt satsing på trusopplæring for 0-4 års fasen ser vi at det er etablert mange gode tiltak for denne i gruppa i kyrkjelydane. Babysong har vore eit særskilt populært tiltak som stadig fleire kyrkjelydar no set i gang med. Babysongkurset i Austevoll i august har også bidratt sterkt til det. Kurset vart arrangert av Bjørgvin bispedømeråd i samarbeid med Austevoll kyrkjelyd og samla ca 50 deltakarar over to dagar. I kjølvatnet av babysongtilbod har det også vokse fram fleire knøttekor, og babysong har også rekruttert deltakarar til open barnehage. Det er også nærliggjande å tenke at satsinga på babysong i Austevoll er ein medverkande årsak til at kyrkjelyden i år hadde 100% oppslutnad om konfirmasjonsundervisninga ved at fleire familiar kjenner seg nærmere knytt til kyrkja enn tidlegare.

Mange kyrkjelydar har utvida tilboden til aldersgruppa 0-4 med til dømes markeringar av dåpsdagar (utdeling av cd, bøker el l), utvida tilbod i samband med utdeling av ”Mi kyrkjebok”, dåpsskule, søndagsskule etc. Tiltak og idear frå trusopplæringsprosjekt blir også i aukande grad tatt inn i kyrkjelydar som ikkje har prosjekt. Bjørgvin har pr i dag 16 lokale trusopplæringsprosjekt og 3 regionale prosjekt. Erfaringane frå desse prosjekta har gjeve positive ringverknader i heile bispedømet.

Bispedømerådet fekk i 2007 eit nytt regionalt trusopplæringsprosjekt ”Frå bleier til mobil”. Prosjektet tar sikte på å utarbeide materiell for temaet miljø, forbruk og rettferd retta inn mot barn og unge i kyrkjelydane. For den yngste fasen tenker ein å nå borna også gjennom foreldra.

Bispedømerådet sitt regionale prosjekt ”Gudsrikeleiken”, legg til rette eit utanlandsk pedagogisk opplegg for norske forhold. Opplegget kan brukast til barn

heilt ned i 2-3 års alderen. Metoden har i 2007 blitt presentert og vist for trusopplæringsmedarbeidarar i fleire settingar (barnehagekurs, fagdag, for kateketar, stiftsmøtet, konfirmantforum, TOL-prosjektsamlingar m.m.). I desse settingane har konseptet blitt svært godt motteke. Metoden tar barnet på alvor og er eit framifrå praktisk eksempel på barneteologisk grunnlagstenkning. I november vart det arrangert eit instruktørkurs i Gudsrikeleiken.

Konferansen som vart arrangert for medarbeidarar i barnehagar og kyrkjelydar i samarbeid med IKO, NLA og Indremisjonsforbundet samla i 2007 110 deltakarar til temaet Borna og det gode – ”Det bob bob bob bobler inni meg...”. Kurset er lagt til den årlege planleggingsdagen første fredag i februar og samlar barnehagetilsette og medarbeidarar i barnearbeidet i kyrkjelydane/organisasjonane frå heile Bjørgvin.

Medarbeidarkonferansen bispedømet arrangerte i oktober sette mellom anna fokus på familien som medarbeidarar i trusopplæringa. Satsing på nettverksbygging, lågterskeltilbod og hjelpeidlar til bruk i trusopplæringa i heimen, viser seg å bere frukter. Familiekor, familieklubb, middagsklubb, kyrkjelydsweekend og liknande miljøskapane tiltak brer stadig meir om seg, og rapporterar om god oppslutning og stort innslag av frivillig medarbeidarskap.

## **Barne- og ungdomsarbeid**

Dei aller fleste kyrkjelydar i Bjørgvin har tilbod om miljøskapande og utviklende barne- og ungdomsarbeid, enten sjølve eller i samarbeid med organisasjonane. I Sogn- og Fjordane er mykje av barne- og ungdomsarbeidet knytt opp mot KFUK-KFUM, medan Indremisjonsforbundet også står sterkt i Hordaland.

## **Skule-kyrkje samarbeidet**

Rundskrivet frå departementet etter dommen mot KRL-faget i Strassbourg i juni 2007 skapte også litt mediauro i Bjørgvin. Det har likevel vist seg at det ikkje har hatt særleg innverknad på det lokale skule-kyrkjessamarbeidet i Bjørgvin. Bispedømet har tidlegare hatt samarbeid med skuledirektørane i fylka og utarbeida ei rettleiing til kyrkjelydane som ligg til grunn for samarbeidet med skulen. Det har gjort sitt til at skule-kyrkjessamarbeidet i Bjørgvin må karakteriserast som overvegande veldig bra. Skulane har hatt skulegudstenester før jul som vanleg.

## **Diakoni**

### ***Resultatmål 2.3: Styrke kyrkja sitt diakonale og sosiale arbeid***

#### **Saman som medarbeidarar**

Bjørgvin bispedøme er inne i ei stor satsing på ulønna – frivillige – medarbeidarar. Satsinga, som har fått namnet "Saman som medarbeidarar" går over ein heil soknerådsperiode, fire år. For å halda på fokus på saka i år, vart det i samarbeid med kyrkjelydane i Arna arrangerte ein fullteikna konferanse med tittelen "Medarbeidaren fram i lyset". Over 200 ulønna og lønna medarbeidarar var samla til føredrag, gudstenestefeiring og seminar.

I november markerte bispedømet for første gong ein "medarbeidarmånad". Kvart sokn vart oppmoda til å gjera minst eitt stort eller lite medarbeidartiltak. Tiltaket skulle vera knytt til rekruttering, tilrettelegging, opplæring eller oppfølging av medarbeidarar. Målet var merksemd kring medarbeidarskap, internt i sokna og i media. Kampanjen skulle gje vind i segla til auka medarbeidaromsorg.

109 av dei 181 sokna i bispedømet rapporterte om ca 137 tiltak som vart gjennomført for å ta vare på eller rekruttera ulønna medarbeidarar. Kyrkjelydane har

gjennom rapporteringa evaluert nytten av dette tiltaket.

Sokna vurderte nytten av månaden til å vera 4,16 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var "særs nyttig".

Evalueringa viste at 67 prosent av tiltaka hadde blitt noko av, uavhengig av månaden. Når nytten likevel får såpass høg score, tolkar vi det som at tiltaket hadde noko for seg. Nokon fekk ekstra drahjelp til å få igang eit medarbeidartiltak. I 2006 løyvde bispedømerådet pengar til nokså mange sokn som ville arrangera medarbeidarfest. I år fekk dei ikkje pengar, men månaden var med på å halda oppe merksemda kring medarbeidaromsorga, og ein del av dei 67% av tiltaka som hadde blitt noko av uansett, starta nok i samband med løyvingane i 2006.

#### **Måltal for medarbeidarskap**

Tilstandsrapporten for Den norske kyrkja gjev oss for fyrste gong måltal for frivillige medarbeidarar. Det er ein tydeleg auke, 9%, i talet på medarbeidarar i alle kategoriar frå 2005 til 2006. Talet på medarbeidarsamlingar har auka med over 50%. Dette fell saman med fyrste året av satsinga som innebar kurs for alle sokneråd med fokus på medarbeidarar og produksjon av ein ressursperm for medarbeidarskap. Det er rimeleg å tolka dette som at satsinga i 2005 har bore frukt ved at dei nye sokneråda har sett dette som ei viktig satsingsområde.

<b>Medarbeidarar i ulike kyrkelydsarb.</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>% auke</b>
Gudstenestearbeid	3250	3514	8 %
Barne/ ungd.arb.	2546	2808	10 %
Diakonalt arb.	1694	1819	7 %
Komite/utval	2058	2131	4 %
Anna kyrkjel.arb.	2215	2419	9 %
Totalt	11763	12763	9 %
Opplærings og motiverings-samlingar for medarbeidarar	172	269	56 %

Medarbeidarsatsinga har gjort sitt til å avdekka den stadig aukande trøngten for

diakonstillingar ute i kyrkjelydane. Det opplevest som ei smerte at det ikkje er midlar til fleire diakonstillingar over statsbudsjettet. Fleire diakonar i kyrkjelydane vil generera langt meir ulønna innsats i lokalmiljøa.

## Menneske med utviklingshemming

I 2007 har det skjedd ei revitalisering av "Bli-kjent-i-kyrkja"-kurset, og fleire nye kyrkjelydar har gjennomført kurset. Dette er eit kurs for menneske med utviklingshemming, som vert planlagt og gjennomført av lokale krefter.

Målsetjinga med kurset er å auka kjennskapen til si lokale kyrkje og kva som skjer der gjennom deltaking. Dermed vert det også lettare å delta i det som skjer i kyrkja etter at kurset er ferdig. Konseptet er velprøvd og ein effektiv reiskap for å koma i gang med eit konkret inkluderingsarbeid i kyrkjelydane – og i samarbeidet med kommunane.

Ut frå denne metodikken har vi også vidareført sorgkurset i fleire kommunar. Det inneber at utviklingshemma og pårørande/omsorgspersonar spelar ei gravferd, med kiste i kyrkja for å øva seg på å møta sorg. Alle desse kurspakkane er ein viktig innfallsport for å reflektera over dette med "rett til tru/livssyn", og korleis ein kan få dette til på lokalplanet. Dei stadene ein får til å planleggja slike kurs felles, der får ein også ein god dialog om desse spørsmåla.

## Rett til tru

I 2007 kom Stortinget sin helse og omsorgskomite på bana med ei viktig innstilling (nr 150) til framtidas omsorgsutfordringar. Komitéen seier her noko grunnleggjande nytt og viktig om forventingar til tenesteytarar for å leggja til rette for den einskildes behov for å utøva si eiga tru og korleis dette skal kartleggjast. Denne innstillinga betyr eit gjennombrot når vi skal fronta og grunngje dette behovet lokalt.

Sjølv om det i nokon grad foregår ei positiv utvikling her, er vår erfaring at profesjonane som arbeider i forhold til menneske med utviklingshemming, generelt ser på "rett til tru" som eit ikkjetema.

I samarbeid med vernepleiarutdanninga på Høgskulen i Bergen gjorde vi eit forsøk på å arrangera ein regional konferanse med dette som tema i november. Konferansen måtte avlysast, på grunn av for dårlig påmelding. Vi har foretatt ei evaluering og skal prøva på nytt i 2008.

Sjølv om vi kunne gjort ting betre på arrangørsida på den konferansen som måtte avlysast, så kjem ein likevel ikkje forbi det forholdet at dette er tematikk som mange i utgangspunktet ser på som lite relevant.

## Homofile i kyrka

Prosten i Hardanger og Voss er oppnemnd til å vere Bjørgvin bispedøme sin kontaktperson med Åpen kirkegruppe. I 2007 arrangerte Åpen kirkegruppe ei gudsteneste, i skrudhuset i Domkirken.

## Samarbeid mellom kyrkjelege organ

*Resultatmål 2.4: Fremja samarbeid mellom kyrkja sine organ, overfor frivillige kristelege organisasjonar og mellom kyrkje og samfunn.*

I eit så stort bispedøme som Bjørgvin er det krevjande å gjennomføre tiltak med målsetjing å samle kyrkjelege organ fra heile bispedømet. Utviklinga syner at prostiet er ei eigna eining til å samle rådsleiarar, fellesrådstilsette og presteskapet. Dette gjeld både i byen og i distrikta. Vi vil vise til to døme på dette.

I Bergen er det etablert eit godt og nært samarbeid mellom prost og prostileiar, som har personalansvaret for dei fellesrådstilsette. Særleg Fana har årelange gode erfaringar med eit slikt samarbeid.

Her møter soknerådsleiarane, sokneprestane og menighets-konsulentane saman med prost og prostileiar til jamlege strategiske drøftingar for kyrkjelydsarbeidet.

I Ytre Sogn har prosten saman med kyrkjeverjene drøfta å etablere eit meir formalisert samarbeid mellom fellesråda. Føremålet er blant anna å samarbeide tettare om oppgåver som alle fellesråda i dag gjer kvar for seg. Ved hjelp av prosjektmidlar er det utarbeidd ei omfattande utgreiing om spørsmåla knytt til samarbeid mellom fellesråd.

Det finst òg døme på samarbeid mellom sokneråd. I samband med soknerådsvalet i 2005 valde fleire stader med fleire sokneråd som ei prøveordning å velje eitt sokneråd.

Det er litt tidleg å trekke klare slutningar av desse prøveordningane.

## Økumenikk og religionsdialog

### *Resultatmål 2.5: Bidra til dialog og samhandling med andre kyrkje-, trus- og livssynssamfjnn*

Biskopen har bede presten i Bergen internasjonale menighet om å vera Bjørgvin sin representant referansegruppa for Kyrkerådet sitt prosjekt ”Religionsmøte og menigheten”. Prostane er skolerte i religionsdialog ved at Hans Erik Raustøl frå Kyrkerådet deltok på prostemøtet. Domprosten representerer biskopen i kontakten med det muslimske miljøet.

## Kultur

### *Resultatmål 2.6: Stimulera til utfalding av kunst og kultur innan kyrkja*

Kulturarbeidet i kyrkja handlar både om nyskapande kultur og om å gje vidare

tradisjonar. Kyrkjemusikarane er viktige kulturformidlarar med evne til å dra inn nye grupper. ”Ung kyrkjesang” på Voss er nemnd. Der det er nysatsing er der ofte grunna på lokale hendingar.

Kyrkejubileum fører gjerne til ei lokal satsing på kulturtilbod som skal nå alle i soknet, også dei som er sjeldan på gudsteneste.

Oppslutninga om tradisjonelle kulturarrangement er jamt over stor. I Sunnhordland prosti viste ei teljing at vel 18 % (10200) av alle som bur der tok del ved dei 44 ulike song- og musikktiltaka i advents- og juletida. Best var Sveio med 29 % av befolkninga på desse tiltaka!

## Kunst og kultur i trusopplæringa

Trusopplæringsreforma har ført til ny gjennomtenking og kreativitet i arbeidet både i kyrkjelydar som har trusopplæringsprosjekt og blant dei som ikkje har.

Bergen domkirke menighet representerer fyrste gruppa og har ei tydeleg kultursatsing i Barnas katedral i Nykirken. Målsettinga om å gje ”barn og unge et annerledes og spennende møte med et fantastisk kirkerom” har ført til nye samarbeidspartnarar: Ei friteatergruppe, eit orkester for barn, ei orgelgruppe for barn, ei teatergruppe for barn, tekstil- og målarkunstnarar, og forfattarar.

Ved sidan av trusopplæringa har ein fått til eit skule/kyrkjesamarbeid som omfattar skular i heile byen med kunstsamarbeid, teaterframstyringar og kyrkjebesøk med omvisning i ruinane etter erkebispegarden i kyrkjejellaren. For sitt nyskapande arbeid fekk dei i 2007 dåpsopplæringsprisen med grunngjevinga: ”Det legges til rette for et bredt samarbeid mellom kirken og ulike kunst- og kulturmiljøer slik at barna får oppleve den kristne tro og kultur på nye og spennende måter.”

Også mindre stader får til dette.

Trusopplæringsprosjektet i Ullensvang legg vekt på at borna får bruka sine skapande evner og har som mål at ”Born

skal formidla kva dei opplever gjennom ei kunstnarleg utrykksform.”

Kinn i Sunnfjord har utan trusopplæringsmidlar bygd opp eit tilbod til born der dei vert tatt med på pilegrimsvandring på dei gamle pilegrimsvegane til Kinnakyrkja.

## Kyrkjeleg demokrati

*Resultatmål 2.7: Leggja til rette for auka deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet.*

### Kyrkjeleg demokrati

Det er vårt inntrykk at sokneråd og bispedømeråd følgjer gode speleregler for utøving av demokrati i kyrkja. Det kan òg vere ulempar med eit slikt omfattande demokrati. Handsaminga av enkelte saker kan verte vel omstendeleg, og redusere handlekrafta og framdrifta i saka.

Vi opplever at kyrkja lokalt og presteskapet yter offentlege tenester som er lett tilgjengeleg og som folk flest har stor tillit til. Dette er i seg sjølv ein stor lokaldemokratisk verdi.

Vi skulle gjerne sett at fleire kunne delta i val av sokneråd.

### Ungdom og lokaldemokrati

Kvart år arrangerer Bjørgvin bispedøme ungdomsting (UT) for ungdom i bispedømet mellom 15 og 30 år. Etter kvart har UT utvikla seg til å vere eit nyttig første møte med demokratiske prosessar for fleire unge. Sakene vert grundig handsama, og val på Ungdomsråd (UR) vert godt gjennomført. Saker UT er opptekne av, vert formidla til Bjørgvin bispedømeråd og til sentralkyrkjeleg hald. Ein kan likevel spørje om unge verkeleg vert høyrd.

Det er dessverre svært få sokn som sender ungdom til UT (16 av 181 sokn).

## Bispedømekontoret

*Resultatmål 2.8: Verksemndene si organisering, kompetanse og kapasitet skal vera brukarorientert og tilpassa oppgåvene.*

Bispedømekontoret er bispedømerådet og biskopen sin viktigaste ressurs for å gjennomføre pålagte forvaltningsoppgåver. Det er følgjeleg vesentleg at bispedømekontoret har tilstrekkelege ressursar og kompetanse. Det er derfor tilsvarande viktig å kartlegge risiko for eventuell mangefull utøving av oppdraget.

I tråd med dette gjennomførte Bjørgvin bispedømekontor våren 2007 to brukarundersøkingar, ei mellom prestane og ei mellom dei lokalt kyrkjeleg tilsette. Føremålet var å få tilbakemelding frå våre viktigaste brukargrupper på korleis dei opplever samarbeid og kommunikasjon med bispedømekontoret. I stor grad er brukarane nøgde med tenestene som vert ytt. Undersøkinga avdekkja for liten kapasitet knytt til personalforvaltninga. Vi har derfor vedteke å etablere ei ny stilling som personalrådgjevar i 2008.

På mange vis må stiftsdirektøren vere ”libero”, og yte innsats etter behov. Med ledighet og sjukdom i begge seksjonsleiarstillingane vart det lite rom til utviklingsarbeid i 2007.

## Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd har i 2007 hatt 8 møte. Til saman handsama rådet 109 saker.

## Likestilling

Bispedømekontoret har 17 fast tilsette, 7 menn og 10 kvinner. I leiargruppa (4 medrekna biskopen) er det 1 kvinne. Kjønnsfordelinga er god blant rådgjevarane, medan det blant merkantilt personale berre er kvinner. Det er ikkje

gjennomført særlege likestillingstiltak i 2007.

Når det gjeld likestillingstiltak for presteskapet, viser vi til omtale seinare i årsmeldinga.

## **Forvaltning knytt til kyrkjelova**

I 2007 har biskopen hatt fire saker knytt til ombygging av kyrkjer og åtte søknader om bygging nærmere kyrkja enn 60 m. Ein av desse gjeld tilkomst med rullestol.

Biskopen har gjeve fråsegn om utomhus-tiltak rundt to kyrkjer og han har gjeve fråsegn i to saker der det var bygging nærmere ei kyrkje enn 300 m.

Biskopen har godkjent eitt orgel. Dette var fornying av eit digitalt instrument.

Det har vore seks saker om fellesråd sin bruk av kapitalen i kyrkjefond.

Ei sak om reglar for utleige av kyrkja vart handsama.

Biskopen har hatt fire saker der han med heimel i tenesteordninga for biskopar har godkjent unnatak frå regel om medlemsskap i kyrkja ved tilsetjingar som vikar for kyrkjeverje, to kantorstillingar og ein reinhaldar.

## **Forvaltning knytt til gravferdslova**

Bispedømerådet har gjort seks vedtak knytt til endring ved kyrkjegardar (gravferdslova § 4). Bispedømerådet har handsama fem klagesaker.

I saker om arealdisponering til kyrkjegardsføremål er bispedømerådet statleg faginstans og har gjeve fråsegn i 12 saker knytt til reguleringsplanar eller kommunedelplanar. I to av desse sakene har bispedømerådet fremja motsegn. Den eine saka gjeld plassering av ei framtidig

kyrkje i Knarvik i Lindås kommune. Her låste kommuneplanen plasseringa til ein stad utanfor sentrum. Planen vart endra i samsvar med våre ynskje. Den andre saka gjeld planar om ei bustadblokk på 4-5 etg. tett ved Naustdal kyrkje. Denne saka var ikkje avslutta ved utgangen av 2007.

Ein ferdig utvida kyrkjegard vart godkjend.

Gravforbod på eit felt vart godkjent.

Eitt fellesråd fekk eit brev der dei vart gjort merksame på at dei hadde gjort vedtak i strid med regelverket, saka gjaldt løyve til flytting av gravlagd oskeurne.

## **Kyrkjelege bygningar – inventar og utstyr**

I 2007 vart 75 saker handsama. Biskopen sitt fagråd for kyrkjekunst førebur dei fleste sakene og gjev tilråding. Dette er ei ordning både sokjarar og vi som er administrativt ansvarlege er godt nøgde med.

## **Økonomiforvaltninga**

I økonomiforvaltninga er det vesentleg at dei tilsette får rett løn til rett tid. Det tidlegare statlege lønns- og personalsystemet (SLP) utgjorde i lengre tid ein risiko, i den meining at systemet ikkje gav oss tilstrekkeleg støtte til lønsarbeidet og oppfølging av fråvær. I SLP var vi heilt avhengige av mange manuelle rutinar for å sikre god forvaltning.

I samband med innføring av SAP Lønn i 2007 gjorde vi eit større arbeid knytt til rutinar og arbeidsflyt for løn og fråvær. Vi vurderer dermed risikoen for mangelfull oppfølging av løn og fråvær som mindre no. (Nærmare omtale under avsnittet om IT.)

## Kommunikasjon

Bjørgvin bispedøme sine nettsider vert stadig viktigare i vår kommunikasjon med brukarane. Brukarundersøkinga tyder på at mange kyrkjeleg tilsette finn sidene nyttige. Statistikken for nettsidene viser at talet på besök har auka frå om lag 42.000 i 2006 til 53.000 i 2007.

Meldingsbladet Stiftsnytt hadde våren 2007 miljø som tema. Bladet kom ut til stiftsmøtet der klimautfordringane var tema. Haustutgåva kom ut til den store medarbeidarkonferansen i oktober, og hadde same tittel som konferansen: Medarbeidaren fram i lyset.

Bispedømerådet og biskopen er jamleg i media, i dei aller fleste tilfelle i positive oppslag. Det er likevel ein tendens til at det er biskopen som vert kontakta eller omtalt, også i saker der bispedømerådet er det organet som har uttalt seg eller gjort vedtak.

## IT

Den største utfordringa på IT i 2007 var innføring av det nye løns- og personalsystemet SAP. Både det førebuande arbeidet og sjølve implementeringa var ein arbeidskrevjande prosess. Vi er nøgde med gjennomføringa av prosjektet. SSØ Tromsø vart opplevd som ein tilgjengeleg og kvalifisert samarbeidspart. Vi hadde første lønskjøring i nytt system i juni månad.

Bispedømekontoret innførte frå 1. september ESS (Electronic Self Service), som gjer det mogeleg for dei tilsette på bispedømekontoret å handsame reiserekningar og ferie/fråvær elektronisk.

Først når presteskapet får same ordninga, først då kan vi henta ut den store gevinsten i dette systemet.

## Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Tildelt tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i 2007 kr. 5.809.000, mot kr. 6.456.000 i 2006. Vi har ikkje motteke formelle meldingar om at tilskotet vert nytta til føremål som skulle vore finansiert av kommunane, men det er vårt klare inntrykk at mange fellesråd er avhengige av dette tilskotet for å halde oppe regulær drift.

## Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Av løyvinga på kr. 10.770.000 til kyrkjeleg diakoni, undervisning og kyrkjemusikk for år 2007, har kr 135.000 vorte gjeve som tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet. Resten av løyvinga har i hovudsak gått med til å dekkje 50 % refusjon for 15 soknediakonstillingar og full refusjon for 16,3 kateketstillingar tilsett ved ulike fellesråd. Diakonstillingen i Odda har stått ledig heile 2007 av di ein lokalt ikkje har klart å finansiere 50 % av stillinga.

## Miljøleiing – "Grøn Stat "

Bispedømekontoret vart tidleg i 2007 sertifisert som Miljøfyrtårn. Dette understøttar ei god haldning blant dei tilsette med tanke på handtering av avfall, transport, innkjøp og HMS-arbeidet.

Presteskapet i Bjørgvin gjennomfører framleis ei prøveordning med kr 4 pr. km som godtgjering for bruk av sykkel i tenesta. Føremålet med prøveordninga er å vurdere om dette tiltaket skal nyttast for alle statleg tilsette. Vi ser fram til at Fornyings- og administrasjonsdepartementet avklarar saka.

## **Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet**

Biskopen hadde visitas 4.-11. oktober i Mallorca og Barcelona.

Besøk knytt til sjømannskyrkjene har auka dei siste åra, men talet gjekk litt ned frå 2006 til 2007. 686.403 var i kontakt med sjømannskyrkjer verda over (mot 691.907 i 2006, 666.316 i 2005 og 653.671 i 2004). Også i år er Gran Canaria den sjømannskyrkja med mest besøk totalt. Når det gjeld gudstenestedeltaking, er dei mest populære sjømannskyrkjene Alicante og Gran Canaria med 12.062 og 11.379 til gudsteneste. Gudstenestedeltakinga totalt er litt mindre enn i fjor med 110.702 (113.050 i 2006). Trenden med auka nattverdsøking held seg. Det var 39.251 til nattverd (mot 38.965 i 2006 og 35.060 i 2005).

### **III. Kyrkjeleg etat Tilstandsvurdering av prestetenesta**

#### **Regelmessig geistleg betening**

*Resultatmål 2.9: Sikra kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem regelmessig geistleg betening.*

For å nå målsetjinga om regelbunde geistleg betening, er det vesentleg at kyrkja er synleg til stades i lokalsamfunna i heile bispedømet. Dette gjeld både i form av kyrkjebygg, presteteneste og andre kyrkjelege tenester. I lengre tid har dette ikkje vore tilstrekkeleg i utbyggingsområda rundt Bergen. Bjørgvin bispedømeråd er no viljuge å ta økonomisk risiko for å nå denne målsetjinga, og har vedteke å etablere nye prestestillingar i prostia i Midhordland, Vesthordland og Fana i 2008.

Det skal òg nemnast at Bergen kommune har vedteke ny reguleringsplan, som inneber stor auke i utbygging i Åsane og i Fana. Sjølv om bispedømerådet arbeider aktivt med å omfordеле noverande presteressursar, er ikkje dette tilstrekkeleg for å etablere kyrkjeleg nærvær i takt med den raske utbygginga. Risikoer er stor for at kyrkjemedlemene i desse områda får mangelfull geistleg betening. I nybyggjarområdet i Sædalen i Fana prosti har bispedømerådet ved hjelp av eksterne prosjektmidlar engasjert ein prest i 50% stilling. Allereie no kan ein hauste frukter av at det kyrkjelege nærværet vart etablert i ein tidleg fase i dette nye området.

#### **Rekrutteringstiltak**

Det er gjennomført intervju i alle 20 tilsetjingssaker. Også i 2007 var det i gjennomsnitt fem søkerar pr stilling. Nokre av desse søkte fleire stillingar. I ni av tilsetjingssakene vart det tilsett eksterne søkerar. I seks av tjue stillingar vart det tilsett kvinner, dvs. 30 %, noko som også er i tråd med målsetjingane for bispedømet. Tre stillingar i distrikta i Sogn og Fjordane står framleis ledige, trass fleire utlysingar.

Ved årsskiftet var det 16 stillingar som stod klare for utlysing eller nyleg var utlyste. I dei fleste av desse stillingane vert det arbeidd med vikarløysingar, prosessen frå oppseiing til start for ny prest er sjeldan mindre enn eit halvt år. Vi meiner å ha stetta vikarbehovet dette medfører i stor grad, noko rekneskapstala for 2007 stadfestar.

Seksjonsleiar for kyrkjefag, som er ansvarleg for Vegen til presteteneste (VTP) i Bjørgvin, var to gongar innom praktikumsstudentane på MF, saman med ein kvinneleg prest. Han var også på praktikum på TF. Vi ser det som viktig å møta studentane frå bispedømet, og også andre studentar, for å 'reklamera' for stillingane som er ledige hjå oss. Prostane

er også aktive andsynes studentar, og andre, særleg vedkomande stillingar det er vanskeleg å få kvalifiserte søkerar til.

Bispedømerådet nytta i sterkare grad enn før løn som rekrutteringsverkemiddel i prestestillingane i distrikt.

Vi har i siste halvdel av 2007 hatt eit særleg fokus på rutinane våre i samband med oppseiing, utlysing og tilsetjing, for å gjera prosessen betre for alle involverte.

Det er også tatt i bruk eit elektronisk søkeradsprogram, mest for å rasjonalisera og kvalitetssikra prosessane.

## Vikarordningar

Bjørgvin bispedøme har i 2007 ført vidare prinsippa om at fødsels- og omsorgspermisjonar skal dekkjast opp med full vikar frå dag ein. Prostane har i dette året tatt godt hand om vikarbehov i samband med sjukefråvær, dels ved å nytte eigne ressursar og dels ved å gje klåre meldingar og ta tidleg initiativ i samband med lengre fråvær. Ein kan oppsummere med at vikarsituasjonen og tilgangen på vikarar har vore tilfresstillande i 2007.

## Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik

Personalhandboka med internkontroll for presteskapet med alle relevante skjema og rettleiingar ligg på heimesidene våre. Det er halde fire møte i RAMU. Det er grunn til å tru at det rår ei viss uvisse vedkomande rutinar og bruk av skjema. Få avvikskjema kjem inn. Vi har teke initiativ overfor Bergen kirkelige fellesråd med tanke på å drøfte eit nærmare samarbeid om HMS-arbeidet.

Etatsstatistikken viser at prestane i snitt har vel 3,5 fridagar som ikkje vert tatt ut. Vi ønskjer å sjå nærare på grunnane til dette. Det er det truleg ikkje ressursar til før

nyopprettet stilling som personalkonsulent er på plass i slutten av dette året.

Prostane gjennomfører medarbeidar-samtalar med fleirtalet av prestane.

## Fengselsprestetenesta

I løpet av hausten 2007 etablerte bispedømerådet 80% stilling som fengselsprest i det midlertidige nyopprettet Bjørgvin fengsel i Åsane. Same prest utfører 20% presteteneste, knytt til eit utbyggingsområde i Åsane. Det er også etablert 25% prestestilling i Vik fengsel.

Det er på kort tid etablert eit svært godt samarbeid med leiinga i fengsla, som legg godt til rette for prestetenesta. Vik fengsel ventar ytterlegare fleire til soning, og ber bispedømerådet yte endå meir presteressursar til fengselet. I lys av ny organisering av prestetenesta, har prosten i Ytre Sogn tatt på seg utfordringa med å kome fengselet sine behov i møte innanfor dei samla ressursane prostiet rår over.

Det er grunn til å nemne at også prestetenesta i Bergen landsfengsel fungerer svært godt.

## Prestebustadar

Gjennom 2007 har merksemda kring prestebustadsspørsmålet i Bjørgvin halde fram. Den uttrykte frustrasjonen som kom fram i 2006 knytt til dette spørsmålet kjem stadig til overflata, og bispedømet må sjå i auga at dette saksområdet vil krevje mykje større merksemde i åra som kjem. Dette vil stille auka krav til system og personellressursar hjå arbeidsgjevar.

Det nye regelverket for refusjon til kommunalt eigde bustader kom våren 2007. Frå Bjørgvin konstaterar vi at sjølv om reglane ikkje vart som vi ønskte, auka likevel samla refusjonsbeløp til kommunane i bispedømet med ein million

kroner i høve til året før. På bakgrunn av dette kan vi håpe at kommunane no leverer ein million meir til vedlikehald av bustadane.

Opplysningsvesenets fond har over nokre år avdekkat at etterslepet på vedlikehald i Bjørgvin er det høgaste i landet. Vi ser med spenning fram mot 2008.

## Organisering og leiing av prestetenesta

### *Resultatmål 2.10: Tilpasse prestetenesta til lokale forhold og utfordringar. brødtekst*

Det vart innført ny organisering av prestetenesta i 7 prosti i året som gjekk. Dette gjeld dei 4 prostia i Sogn og Fjordane, Vesthordland, Sunnhordland og Hardanger og Voss. Bispedømeleiinga har i samråd med dei tillitsvalde etablert arbeidsfordelingsplan og årleg studieveke som viktige tiltak for å nå målsetjingane om god organisering av prestetenesta og eit kompetent presteskap. Bispedømerådet har i tillegg brukt lønsauke og prostivise midlar som verkemiddel i omorganiseringa.

Det er for tidleg å trekke slutningar av erfaringane så langt. Men vi vil kort nemne at ny organisering har stimulert prostane til å gjere nødvendige vurderingar og endringar av fordelinga av presteressursane i prostiet.

## Kompetanseutvikling

### *Resultatmål 2.11: Utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hos den einskilde prest.*

For å kunna utvikla kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hjå den einskilde av dei 175 prestane våre, er det naudsynt å ha eit variert spekter; både i breidde og i tilbodet om etterutdanning.

Mykje skjer lokalt i prostiet, med fagdagar og felles kursreiser. På denne måten vert lokale behov særleg ivaretatt.

Bispedømekontoret har arrangert fleire kurs, m.a. i høve til trusopplæring, der også prestar deltar. Kompetanseutvikling er eit viktig tema i alle medarbeidarsamtalar.

Det har vore to møte i REU, i etterkant av dei sentrale søkerstidene. Mest alle som har søkt om deltaking på kurs, har fått søkeren innvilga. Vi har sett ein auke i individuelle studieprosjekt. Få kvinner søker, vi ønskjer å finna ut meir om grunnen til det. Lengre studiepermisjonar vert dekka av vikarteneste.

Revideringa av kompetanseutviklingsplanen har starta.

## Retreatarbeidet

Styringsgruppa for retreat i Bjørgvin har gjennomført ein retreat i 2007. Retreat på Holmely retreatsenter i Nordfjord vart gjennomført i oktober med 8 deltakarar. Tre prestar har fått økonomisk stønad til å delta på andre retreat.

Frå 1. september vart samarbeidet mellom Stiftinga Bergen Diakonissehjem og Bjørgvin bispedøme sett i verk, og arbeidet med å opprette eit retreat- og andeleg vegleiingssenter starta.

Frå årsskiftet 2007/2008 vart styringsgruppa for retreat Bjørgvin oppløyst og arbeidet overført til styret for Retreat Bergen.

## Arbeidsrettleiing (ABV)

Våren 2007 vart ei rettleiingsgruppe avslutta etter to års virke, medan to nye grupper starta opp våren 2007. Til saman har 19 personar delteke i grupperettleiing og 2 personar vore til individuell rettleiing.

Parallelt med desse gruppene går to kontinuerlege grupper for prostane der dei har kollegarettleiing.

Bjørgvin har 17 godkjende rettleiarar. For desse har det vore 4 gruppessamlingar og ein fagdag. Tre av rettleiarane er prostar og difor ikkje aktive som rettleiarar.

Styringsgruppa for ABV i Bjørgvin fordelar rettleiingsoppgåvane mellom rettleiarane. Grupperettleiinga for rettleiarane er viktig, både for dei aktive og dei som er på vent.

## Likestilling

**Resultatmål 2.12: Motivere og leggje til rette for fleire kvinner til teneste som prestar i kyrkjelydane og til å ha leiarstillingar i kyrka**

Bispedømerådet ynskjer å rekruttera fleire kvinner til presteteneste i bispedømet.

Kvinneleg prest har vore med til møte med praktikumsstudentane på MF, og dei fleste stillingsannonser har med ein setning om at kvinner blir oppmoda om å sökja.

Kvinnene har fått ein relativt sett større del av potten ved lokale forhandlinar, slik dei sentrale føringane seier. Det vert også vurdert om nytilsette kvinner skal få høgare løn enn menn. Siste halvdel av 2007 har vi hatt ei kvinne som fungerande prost, og den første kvinnelege prosten i bispedømet vart tilsett. Vi vonar dette vil få positive ringverknader for bispedømet.

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	12	88	7,7	92,3	13	87
Heiltids-tilsette	12	86,2	7,7	92,3	11	85
Deltids-tilsette	-	1,8	0	0	2	2
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	380	401		492		

Bispedømet sitt mål om å tilsetja kvinner i 20 % av dei stillingane der det er tilsetjing, er nådd. Av 20 tilsetjingar vart det tilsett seks kvinner, dvs 30 %.

## Leiing av prestetenesta

**Resultatmål 2.13: Styrka leiinga av prestetenesta, samordninga mellom prestane og kyrkja sine valde organ og samvirket mellom prestane og andre kyrkjeleg tilsette.**

Vi erfarer at prostane er endå viktigare enn tidlegare med tanke på å legge til rette for samarbeid mellom prestane. Prostane har utvikla faste kompetanseutviklande møtestader for presteskapet. Bispedømerådet stimulerer dette med å yte prostivise midlar.

Resultatmål 2.13 har nær samanheng med resultatmål 2.4, og vi viser til vurderingane knytt til samarbeid mellom dei kyrkjelege rådsorgana.

## Gode arbeidsvilkår for prestane

**Resultatmål 2.14: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.**

Bjørgvin har eigen personalprest. Han har ein aktiv rolle i å halda kontakten med sjukmelde prestar, noko som gjer at dei får særleg god oppfølging frå vår side. I tillegg tar han kontakt med tilbod om samtale også til andre, noko dei fleste svarar positivt på. Vi får tilbakemelding om at dette betyr mykje for mange, og vi trur det sparar oss for fleire lange sjukmeldingar.

Fleire medarbeidarar har gjort seg nytte av AFP-ordninga og arbeider 60 % stilling som prest. Det har gått greitt å legge til rette for dette i byen. Det er vanskelegare å få det til å fungera tilfredsstillande i distrikta, både for prest og kyrkjelyd.

Bispedømekontoret sine samtalar med prostane seier oss også at vi må starta eit systematisk arbeid vedkomande spesialisering, slik at dei som har særleg kompetanse får nytta denne i større grad. Fleire yngre prestar vurderer å gå over til anna arbeid enn presteteneste. Eit systematisk arbeid overfor prestar i denne livsfasen vert også nødvendig.

Mange prosti gjennomfører ei samling for alle kyrkjelege tilsette kvart år. Dette styrker samarbeidsprosessane mellom embets- og rådsstrukturen på ein god måte. Vi har også samarbeidsavtale med mange fellesråd om HMT-arbeidet. Fleire stader samarbeider også prostar og kyrkjeleverjer om stabsutviklingsarbeid.

### Lokal redningssentral (LRS)

Det er gjennomført fagdag for prestar og diakonar som er aktuelle til teneste ved større ulukker. Politiet har ikkje sett opp LRS i 2007.

### Kommentarar til årsrekneskapen 2007

Drifta av bispedømekontoret og arrangementsverksemda (kap 0340/ 3340) vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 330.000. Av dette var kr 262.000 forskotsbetaling på husleiga for 2008, det reelle meirforbruket vert såleis kr 68.000. Den totale løyvinga for post 01 – drift var kr 9.779.000.

Drifta av presteskapet (kap 0341/ 3341) vart gjort opp med eit overskot på kr 333.000. Den totale løyvinga var kr 93.602.000.

Rekneskapen for diakoni, undervisning og kyrkjemusikk, kap 0340 post 71.16, er gjort opp i balanse. Den totale løyvinga var kr 10.770.000.

Rekneskapen for kyrkjeleg verksemde i kommunane, kap 0340 post 72, er gjort opp i balanse. Tildelinga var på kr 5.809.000.

Bergen, 3. mars 2008

Magne Skjeldal (s)  
Leiar Bjørgvin  
bispedømeråd

Ole D. Hagesæther

Ole D. Hagesæther  
biskop

Helge Taranrød  
stiftsdirektør

## **Vedlegg**

**Gjennomført program for  
biskopen 2007**

**Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk  
for bispedømet**

**Etatsstatistikk**

## GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2007

### Visitasar

- 31. januar – 4. februar: Søreide
- 20.-25.mars: Kvinnherad
- 18.-22. april: Innvik
- 20. mai – 3. juni: Askvoll
- 4.-11. oktober: Mallorca og Barcelona
- 24.-28. oktober: Høyanger

### Presteordinasjonar

- 28. januar: Magnar Hellesøy i Kvinnherad kyrkje
- 25. februar: Atle Moe i Domkirken
- 18. mars: Sindre Skeie i Søreide kyrkje
- 27. mai: Frode Brügger Sætre i St. Markus kyrkje
- 24. juni: Silje Sørebø i Bjordal kyrkje
- 27. juni: Raymond Cato Torsvik i Evanger kyrkje
- 19. august: Nobukazu Imazu i Fitjar kyrkje
- 23. september: Rune Richardsen, Olav DørDAL og Ole Magnus Breivold i Loddefjord kyrkje

### Kateketvigsligar

- 4. mars: Mia Ceselie Krüger i Norheimsund kyrkje

### Diakonvigsligar

- 13. april: Jannicke Monstad Hana i Erdal kyrkje
- 15. april: Anne Lie Steinsbø i Bremnes kyrkje
- 30. mai: May-Irene Wergeland i Korskirken (ved domprosten)
- 1. juli: Marta Kristin Valvatne i Johanneskirken

### Kyrkjebjubileum

- 26. august: Valen kapell, Sveio 300 år
- 2. september: Gaupne kyrkje 100 år
- 16. september: Sør-Vågsøy kyrkje 100 år
- 21. oktober: Stord kyrkje 150 år
- 4. november: Solheim kyrkje, Masfjorden 125 år

### Bispemøte

- 23.-25. januar i Oslo
- 26.-29. mars i Oslo
- 2.-6. juli: Nordisk bispemøte på Island
- 27. september – 2. oktober i Oslo

### Kyrkjemøte

- 12.-18. november

### Bispedømerådsmøte

- 9. februar
- 13. mars
- 8. mai
- 26. juni (ekstraordinært)
- 27. august
- 16. oktober
- 6. november
- 11. desember

### Prostemøte

- 26. april – 2. mai: Malta
- 27.-28. august Bergen
- 30. oktober – 1. november Bergen

### Prestemøte/medarbeidarsamlingar

- 1. januar: Biskopen si nyårsmottaking
- 17. april: Møte med prestane i Nordfjord
- 5.-7. juni: Stiftsmøte, Ulvik
- 3. september: Fagdag for diakonar, Haraldsplass
- 19. september: Møte med prostane i Bergen
- 25.-26. september: Stabsdagar, Seletun i Os
- 19.-20. oktober:  
Medarbeidarkonferanse, Arna
- 8. november: Medarbeidarfest Hotell Terminus
- 3. desember: Fagdag for kateketar, Skjold kyrkje

### Styremøte, kontakttelefonen for pionerdykkarane

- 17. januar: Møte med Helse Bergen
- 9. mars, Bergen
- 15. mai
- 14. juni: Møte i Departementet

12. september, Oslo  
20. november, Bergen

#### **Andre arrangement/hendingar**

3. januar: Nyårsmøte for Hordaland fylkeskommune  
29. januar: Fana Rotary  
7.-8. februar: Vitjing av trusopplæringa i Aurland og Lærdal  
10.-11. februar: Vinterfestival på Voss  
12. februar:  
Oppsummeringskonferanse for kirkelig reformarbeid, Oslo  
13. februar: Konferanse om arbeidsgiveransvar, Oslo  
1. mars: Møte med imamen i Bergen  
30. mars: Styringssamtale med KKD i Bergen  
10. april: O3-samling  
13. april: Møte med dei tilsette i BKF, Solstrand  
16. april: Styremøte i Kronprinsesse Märthas kirke, Stockholm  
9. mai: "Visitas" i Rådhuset  
10. mai: Fagdag i kyrkjekstil, Sælen kyrkje  
13. mai: Folkemøte med Aril Edvardsen i Grieghallen  
21. mai: Bibelskapets representantskap, Oslo  
22. mai: Styringsgruppe for nasjonalt prostekurs, Oslo  
23. mai: Festspilloppning  
29. mai: Knarvik senioruniversitet  
8. juni: Møte med leiinga for Moster amfi  
10. juni: Sivle-jubileum, Oppheim  
15. juni: Møte i prosteutviklingsgruppen, Oslo  
17. juni: Normisjon 100 år, gudsteneste Bildøy  
18.-21. juni: VTP Søgne  
25. juni: Befaring i St. Jakob kirke  
29. juni – 1. juli: Sjømannskyrkja si generalforsamling i Bergen  
20. august: Seminar om ekteskapslov, Oslo  
6. september: Koinonia i Os  
6. september: Seminar om "Babysong", Austevoll

11. september:  
Prosteutviklingsgruppen, Oslo  
13. september:  
Menneskerettighetsseminar, Raftohuset  
17. september: Nordisk konferanse om ABV, Trondheim  
20.-21. september: Konferanse om kirkelig demokrati og valgordninger, Oslo  
22. september: Danielsen vgs. 75 år, Grieghallen  
23. september: Vitjing i den anglikanske kyrkjelyden i Bergen  
3. oktober: Konsultasjon om tunge personalsaker, Oslo  
11. oktober: Middag på Slottet  
18. oktober: Møte med OVF  
19. oktober: Avduking av tsunami-minnesmerke, Oslo  
23. oktober: Gravferd for kapellan Svein Bjørhovde  
2. november: O3-samling  
7. november: Opning av senter for livsmestring, Jølster  
6. desember: Synfaring i Sveio  
6. desember: Sjømannskyrkja sitt hovudstyre  
9. desember: Norkirken, Bergen  
13. desember: Olje-seminar i Stavanger  
25. desember: Høgtidsgudsteneste i Domkirken

#### **Styringsgruppa for arbeidsvegleiarutdanning**

26. januar  
29. november

Bjørgvin bispedøme - NØKKELTAL 2007 (tala i rad 2 viser til skjemaet for kyrkjeleg årsstatistikk)

	Døypte	Delt. søndagsgudst.	Delt.andre gudst.	Delt.gudst.tot.	Søndags-gudst.	Andre gudst.	Nattverds-gudst.	Nattverd-deltakarar	Gudst. tot.	Gj.snitt.gudst.	Gj.snitt hovudg.	Gj.snitt nattverddelt	Konf.totalt	Offer tot.	Innmelde	Utmelde	Vigslar
	4.1	5.A.2	5.A.4		5.A.1	5.A.3	5.C.1a	5.C.1.b					4.3	11.1.a	3.1	3.2	4.4
<b>Bergen domprosti</b>	415	49810	19291	70149	611	586	796	23199	1197	59	82	29	163	1227424	12	179	169
<b>Arna og Åsane prosti</b>	527	56305	16398	72703	420	145	206	10809	565	129	134	52	565	1585781	8	83	101
<b>Fana prosti</b>	752	77640	21680	99320	462	219	302	19480	681	146	168	65	895	1846941	18	145	119
<b>Laksevåg prosti</b>	513	38197	10700	48897	393	121	289	9583	514	95	97	33	471	861841	6	81	59
<b>Midhordland prosti</b>	346	34774	9357	44131	324	100	171	6883	424	104	107	40	322	984958	3	36	89
<b>Vesthordland prosti</b>	653	59303	19347	78650	469	301	342	12479	770	102	126	36	617	1727233	9	83	121
<b>Sunnhordland prosti</b>	652	93834	21775	115609	846	324	505	19069	1170	99	111	38	751	2360538	13	66	136
<b>Hardanger og Voss prosti</b>	462	59297	12447	71744	722	155	346	11569	877	82	82	33	506	1575258	11	69	117
<b>Nordhordland prosti</b>	432	54456	18135	72591	576	214	292	10828	790	92	95	37	425	1596609	6	40	103
<b>Ytre Sogn prosti</b>	136	25376	5501	30877	449	87	226	3561	536	58	57	16	158	456312	4	11	41
<b>Indre Sogn prosti</b>	293	35514	4988	40502	438	75	195	3599	513	79	81	18	288	856668	5	18	44
<b>Sunnfjord prosti</b>	431	65446	10907	76353	599	127	316	10169	726	105	109	32	510	1690299	1	52	89
<b>Nordfjord prosti</b>	397	67498	10312	77810	742	92	287	7928	834	93	91	28	471	1437800	3	31	82
<b>SUM</b>	<b>6009</b>	<b>717450</b>	<b>180838</b>	<b>898288</b>	<b>7051</b>	<b>2546</b>	<b>4273</b>	<b>149156</b>	<b>9597</b>	<b>94</b>	<b>102</b>	<b>34,90662298</b>	<b>6142</b>	<b>18207662</b>	<b>99</b>	<b>894</b>	<b>1270</b>
2007	6009	717450	180838	898288	7051	2546	4273	149156	9597	94	102	35	6142	18207662	99	894	1270
2006	5987	739748	179054	918802	7198	2602	4467	159326	9800	94	103	36	6163	18907335	90	853	1243
2006-2007	22	-22298	+0	-20514	-147	-56	-194	-10170	-203	0	-1	-1	-21	-699673	9	41	27

Dette er uoffisielle tal henta inn frå prostane i Bjørgvin

**VEDLEGG 7****Etatsrapportering 2007**

Bjørgvin bispedømme

**NB! Les veiledningen nøyne.**

<b>1. Prestestillinger:</b>		<b>Årsverk</b>	<b>Stillinger</b>
1.1	Antall tildelte årsverk kap. 341	175,8	
1.2	Antall faste prestestillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	171,9	175
1.2.1	Antall prostter	13	13
1.2.1.1	herav kvinner	0	0
1.2.2	Antall sokneprester	130,3	133
1.2.2.1	herav kvinner	16,6	17
1.2.3	Antall kapellaner	12	12
1.2.3.1	herav kvinner	2	2
1.2.4	Antall prostiprester	6	6
1.2.4.1	herav kvinner	0	0
1.2.5	Antall seniorprester	2,6	3
1.2.5.1	herav kvinner	0	0
1.2.6	Antall andre faste prestestillinger lønnet over kap 341	8	8
1.2.6.1	herav kvinner	2	2
1.2.7	Antall prostter som ikke er sokneprester	4	4
1.2.7.1	herav kvinner	0	0
1.2.8	Antall prestestillinger med prostiet som tjenestedistrikt	93	93
1.2.8.1	herav kvinner	15	15
1.2.9	Antall prester i fast stilling i alderen 40 år eller yngre	31	31
1.2.9.1	herav kvinner	9	9
1.2.10	Antall prester i fast stilling i alderen 41-55 år	72	72
1.2.10.1	herav kvinner	7	7
1.2.11	Antall prester i fast stilling i alderen 56-61 år	39	39
1.2.11.1	herav kvinner	3	3
1.2.12	Antall prester i fast stilling i alderen 62 år eller eldre	18	18
1.2.12.1	herav kvinner	2	2
1.3	Antall deltidsstillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	3,3	6
1.3.1	Antall prester i deltidsstilling i alderen 40 år eller yngre	0,5	1
1.3.1.1	herav kvinner	0	0

1.3.2	Antall prester i deltidsstilling i alderen 41-55 år	0,5	1
1.3.2.1	herav kvinner	0	0
1.3.3	Antall prester i deltidsstilling i alderen 56-61 år	0,5	1
1.3.3.1	herav kvinner	0	0
1.3.4	Antall prester i deltidsstilling prester med AFP (62 år eller eldre)	1,8	3
1.3.4.1	herav kvinner	0	0
1.3.5	Antall prester i deltidsstilling i alderen 62 år eller eldre (ikke AFP)	0	0
1.3.5.1	herav kvinner	0	0
1.4	Antall prester i midlertidig tilsettingsforhold, årsverk og stillinger	11,5	12
1.5	Antall faste vikarer kap. 341, årsverk og stillinger	4	4
1.6	Antall ledige/ubesatte stillinger pr 31.12, årsverk og stillinger	15	15

**2. Tilsettinger:**

2.1	Antall tilsettinger i faste prestestillinger kap. 341, årsverk og stillinger	19,5	20
2.1.1	Antall tilsettinger i alderen 40 år eller yngre	6	6
2.1.1.1	herav kvinner	2	2
2.1.2	Antall tilsettinger i alderen 41-55 år	9	9
2.1.2.1	herav kvinner	3	3
2.1.3	Antall tilsettinger i alderen 56-61 år	3,5	4
2.1.3.1	herav kvinner	1	1
2.1.4	Antall tilsettinger i alderen 62 år eller eldre	1	1
2.1.4.1	herav kvinner	0	0
2.2	Antall søker til utlyste prestestillinger kap. 341		97
2.2.1	Antall søker i alderen 40 år eller yngre		35
2.2.1.1	herav kvinner		9
2.2.2	Antall søker i alderen 41-55 år		45
2.2.2.1	herav kvinner		8
2.2.3	Antall søker i alderen 56-61 år		16
2.2.3.1	herav kvinner		1
2.2.4	Antall søker i alderen 62 år eller eldre		1
2.2.4.1	herav kvinner		0
2.3	Antall tilsettingssaker i faste prestestillinger kap. 341		20
2.3.1	herav tilsettingsaker der stillingen ble kunngjort på nytt		3

**3. Avskjed/fratreden/permisjon:**

3.1	Antall prester som har fratrådt/fått avskjed fra sin stilling, årsverk og stilling	24,2	25
3.1.1	Grunnet uførepensjon	0	0
3.1.1.1	herav kvinner	0	0
3.1.2	Grunnet alderspensjon	5	5
3.1.2.1	herav kvinner	0	0
3.1.3	Grunnet avtalefestet pensjon	1,2	2
3.1.3.1	herav kvinner	0,6	1
3.1.4	Grunnet overgang til annen statlig prestestilling	12	12
3.1.4.1	herav kvinner	1	1
3.1.5	Grunnet overgang til ikke-statlig prestestilling eller annen kirkelig stilling	5	5
3.1.5.1	herav kvinner	1	1
3.1.6	Grunnet overgang til ikke-kirkelig stilling	1	1
3.1.6.1	herav kvinner	0	0
3.1.7	Grunnet annen fratredelsesårsak	0	0
3.1.7.1	herav kvinner	0	0
3.2	Antall prester som har hatt fødsels-/omsorgspermisjon, årsverk og stilling	3	4
3.2.1	herav kvinner	2	2
3.3	Totalt antall dager med fødsels-/omsorgspermisjon	690	
3.3.1	herav til kvinner	315	

**4. Kompetanseutvikling:**

4.1	Totalt antall dager studiepermisjon med lønn blant prester	645
4.1.1	herav kvinner	20
4.2	Antall prester som har hatt studiepermisjon med lønn, årsverk og stillinger	18
4.2.1	herav kvinner	1
4.3	Antall prester som har hatt 3 mnd el. mer i studiepermisjon, årsverk og stillinger	3
4.3.1	herav kvinner	0
4.4	Totalt driftsbudsjett benyttet til etterutdanning av prester, beløp i hele kroner	1.160.000
4.4.1	Midler avsatt til kurs, reiser, stipend etc. i forbindelse med studieperm.	260.000
4.4.1.1	herav til kvinner	0
4.4.2	Utgifter i forbindelse med lønn i permisjonstiden	500.000
4.4.2.1	herav til kvinner	0

4.4.3	Utgifter til vikarer		400.000
4.4.3.1	herav for kvinner		0
4.4.4	Eventuelle andre utgifter i forbindelse med etterutdanning/studieperm.		0
4.4.4.1	herav til kvinner		0
4.5	Antall søker til etterutdanningskurs (PF/Komp.rådet), årsverk og stillinger		20
4.5.1	Antall innvilgede søknader		18
4.5.1.1	herav kvinner		1
4.5.2	Antall avslalte søknader		2
4.5.2.1	herav kvinner		0
4.6	Antall prester som har deltatt på etterutdanningskurs, årsverk og stillinger	18	18

##### 5. Ledelse:

5.1	Antall prostier i bispedømmet		13
5.1.1	Antall prostier med kompetansekart		
5.1.2	Antall prostier med spesialisert prestetjeneste		
5.2	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale, årsverk og stillinger	0	13
5.2.1	Antall proster som har hatt medarbeidersamtale med biskopen		13
5.2.1.1	herav kvinner		0
5.2.2	Antall sokneprester som har hatt medarbeidersamtale med prosten		
5.2.2.1	herav kvinner		
5.2.3	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med prosten		
5.2.3.1	herav kvinner		
5.2.4	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med prosten		
5.2.4.1	herav kvinner		
5.2.5	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten		
5.2.5.1	herav kvinner		
5.2.6	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten		
5.2.6	herav kvinner		
5.3	Antall prester med ABV-kompetanse, årsverk og stillinger	15	15
5.3.1	herav kvinner	2	2
5.4	Antall prester som har deltatt i systematisk ABV-tilbud, årsverk og stillinger		25
5.4.1	herav kvinner		4
5.5	Antall prester med plan for uttak av 1 fridag i uken, årsverk og stillinger	0	0
5.5.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning		

5.5.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		
5.5.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		
5.5.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning		
5.5.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		
5.5.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		
5.6	Antall prester med plan for uttak av 2 fridager i uken, årsverk og stillinger	0	0
5.6.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning		
5.6.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		
5.6.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		
5.6.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning		
5.6.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		
5.6.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		
5.7	Antall prester uten plan for uttak av fridager, årsverk og stillinger		
5.7.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		
5.7.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		

#### **6. Sykefravær:**

6.1	Totalt antall dager sykefravær med lønn blant prester, faste stillinger kap. 341	0
6.1.1	Antall fraværsdager med sykemelding	
6.1.1.1	Antall korttidssykemeldinger (< 16 dager)	
6.1.1.1.1	herav kvinner	
6.1.1.2	Antall langtidssykemeldinger (> 16 dager)	
6.1.1.2.1	herav kvinner	
6.1.2	Antall fraværsdager med egenmelding	
6.1.2.1	Antall prester som har tatt ut mindre enn 5 egenmeldingsdager	
6.1.2.1.1	herav kvinner	
6.1.2.2	Antall prester som har tatt ut mellom 5 og 15 egenmeldingsdager	
6.1.2.2.1	herav kvinner	
6.1.2.3	Antall prester som har tatt ut mer enn 15 egenmeldingsdager	
6.1.2.3.1	herav kvinner	

#### **7. Tjenestebolig/boplikt:**

7.1	Antall prestestillinger med boplikt knyttet til stillingen	140
7.1.1	herav med fritak fra fondsbolig	7

7.1.2	herav med fritak fra kommunal bolig	11
7.1.3	Antall ubesatte stillinger hvor det er boplikt knyttet til stillingen	13
7.2	Antall prestestillinger uten boplikt	35
7.2.1	herav prester som bor i egen bolig	
7.2.2	herav prester som bor i tjenestebolig uten boplikt	3
7.3	Antall søknader om fritak fra boplikt i fondsbolig	3
7.3.1	herav innvilgede søknader	2
7.3.2	herav avslåtte søknader	0
7.3.3	herav ubehandlede søknader	1
7.4	Antall søknader om fritak fra boplikt i kommunal bolig	6
7.4.1	herav innvilgede søknader	5
7.4.2	herav avslåtte søknader	0
7.4.3	herav ubehandlede søknader	1
7.5	Antall presteboliger pr 31.12	140
7.5.1	herav kommunale boliger	82
7.6	Antall presteboliger i bruk pr 31.12	112
7.6.1	herav kommunale boliger	68

**8. Vigslinger (gjelder flere stillingskategorier, ikke bare fast tilsatte prester kap. 341):**

8.1	Antall vigslinger til prestetjeneste	10
8.1.1	herav kvinner	1
8.2	Antall vigslinger til diakontjeneste	4
8.2.1	herav kvinner	4
8.3	Antall vigslinger til katekettjeneste	1
8.3.1	herav kvinner	1
8.4	Antall vigslinger til kantortjeneste	0
8.4.1	herav kvinner	0

Der det spesifikt bes om det, oppgis tallet i både årsverk og hele stillinger. Dersom dette ikke er nevnt spesifikt, er det kun oppført 1 rubrikk og bare antallet det spørres om føres inn (feks antall søknader eller kronebeløp).